



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201302041-6/313/ENDKOR

Dykkar ref.:

Bergen, 22. mars 2013

Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden – Fråsegn

Vi viser til Dykkar brev av 08.02.2013, høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden. Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 21.03.2013. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune vil rå frå innføring av regjeringa sitt forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Det er gjort greie for at forskrifta vil ha betydelege konsekvensar for næring, sysselsetjing og verdiskaping.
2. Hordaland fylkeskommune meiner dei ville lakse- og sjøaurestammene må sikrast gode vekst- og levevilkår, og at forskrifter som PD-forskrifta, soneforskrifta, lakseluseforskrifta, Nytek-forskrifta, IK-akvaforskrifta, laksetildelingsforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta vil medverke til dette. Ytterlegare særforordning for området må kome etter evaluering av verknader av allereie iverksette forskrifter.
3. Hordaland fylkeskommune saknar kriterium for evaluering slik at effekten av tiltaket kan målast på bestandssituasjonen for laks- og sjøaure. Det er heller ikkje sagt noko om varigheita av tiltaket.
4. Hordaland fylkeskommune viser til søknad om pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk, og meiner nye tiltak i Hardanger og Sunnhordland må vurderast regionalt i samband med etablering heilskapleg forvaltning for regulering av miljøeffektar og arealtilpassning.
5. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om etablering av genbank i Hardanger for lakse- og aurestammar heimehøyrande i området.
6. Fylkesutvalet ber om betre koordinering av tiltak og verkemiddelbruk mellom departementet og Mattilsynet og at Mattilsynet vert styrkt med omsyn til kompetanse og ressursar.

Gudrun Mathisen
seksjonssjef

Endre Korsøen
spesialrådgjevar

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Det var 14 representantar til stades.

Ruth Grung sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet ber om betre koordinering av tiltak og verkemiddelbruk mellom departementet og Mattilsynet og at Mattilsynet vert styrkt med omsyn til kompetanse og ressursar.»

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune vil rå til innføring av regjeringa sitt forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden og Sunnhordland.
2. Særskilde utfordringar knytt til sameksistens mellom villfisk og ei kraftig aukande akvakulturmæring, set Hardangerfjorden i ei miljømessig særstilling. Det er no viktig å få på plass ei Hardangerfjordforskrift som er i samsvar med Regjeringa sine mål i Strategi for ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring.
3. Departementet må setja kontrollerbare mål for å vurdere om MTB-storleik som vert vedteken er tilfredsstillande i høve til utfordringane som ville lakse- og sjøaurestammer i Hardangerfjorden har.
4. Oppdrett i lukka, flytande anlegg i sjø vert unnateke kravet til maksimal MTB. Slike anlegg er tilstrekkeleg kommersialisert til å ta i bruk. I fyrste omgang kan lukka anlegg for fisk opp til eit kilo bidra til å ta ned ståande MTB til økologisk forsvarleg nivå samtidig som dagens slaktemengd vert oppretthalde.
5. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om etablering av genbank i Hardanger for lakse- og aurestammar heimehøyrande i området.»

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 12 røyster mot 2 røyster (SV, V) for Oen sitt forslag.

Grung sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (V).

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune vil rå frå innføring av regjeringa sitt forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Det er gjort greie for at forskrifta vil ha betydelege konsekvensar for næring, sysselsetjing og verdiskaping.
2. Hordaland fylkeskommune meiner dei ville lakse- og sjøaurestammene må sikrast gode vekst- og levevilkår, og at forskrifter som PD-forskrifta, soneforskrifta, lakseluseforskrifta, Nytek-forskrifta, IK-akvaforskrifta, laksetildelingsforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta vil medverke til dette. Ytterlegare særforordning for området må kome etter evaluering av verkningar av allereie iverksette forskrifter.
3. Hordaland fylkeskommune saknar kriterium for evaluering slik at effekten av tiltaket kan målast på bestandssituasjonen for laks- og sjøaure. Det er heller ikkje sagt noko om varigheita av tiltaket.
4. Hordaland fylkeskommune viser til søknad om pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk, og meiner nye tiltak i Hardanger og Sunnhordland må vurderast regionalt i samband med etablering heilskapleg forvaltning for regulering av miljøeffektar og arealtilpassing.
5. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om etablering av genbank i Hardanger for lakse- og aurestammar heimehøyrande i området.
6. Fylkesutvalet ber om betre koordinering av tiltak og verkemiddelbruk mellom departementet og Mattilsynet og at Mattilsynet vert styrkt med omsyn til kompetanse og ressursar.



Arkivsak 201302041-3
Arkivnr. 313
Saksh. Korsøen, Endre

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

21.03.2013

HØYRING AV FORSKRIFT OM NYTT FORVALTNINGSREGIME I HARDANGERFJORDEN - FRÅSEGN

SAMANDRAG

Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje eige forvaltningsregime for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjø i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Hausten 2009 og våren 2011 hadde departementet på høyring framlegg til forskrift for dette området. Den 08.02.2013 sende departementet på høyring eit tredje utkast til forskrift. Framlegget inneber at dersom det står meir fisk i sjøen enn 50.000 tonn, vil eit produksjonsreguleringsregime tre i kraft. Produksjonskapasiteten til alle løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure som blir utnytta i konvensjonelle produksjonsløyvingar i området blir redusert. Storleiken på reduksjonen vil vere avhengig av kor stor overskridinga er. Reduksjonen kan likevel bli nytta i området under særlege vilkår. Ei slik regulering vil kunne få betydelege konsekvensar for næringa og sysselsettinga i området. Departementet meiner likevel det er naudsynt å setje i verk tiltak som kan bidra til ein betre miljømessig tilstand i området, for at både havbruksnæringa og villfiskinteressene skal verte ivaretatt på ein god måte.

Høyringsfristen er sett til 22. mars 2013.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune vil rå frå innføring av regjeringa sitt forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Det er gjort greie for at forskrifta vil ha betydelege konsekvensar for næring, sysselsetjing og verdiskaping.
2. Hordaland fylkeskommune meiner dei ville lakse- og sjøaurestammene må sikrast gode vekst- og levevilkår, og at forskrifter som PD-forskrifta, soneforskrifta, lakseluseforskrifta, Nytek-forskrifta, IK-akvaforskrifta, laksetildelingsforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta vil medverke til dette. Ytterlegare særforordning for området må kome etter evaluering av verknader av allereie iverksette forskrifter.
3. Hordaland fylkeskommune saknar kriterium for evaluering slik at effekten av tiltaket kan målast på bestandssituasjonen for laks- og sjøaure. Det er heller ikkje sagt noko om varigheita av tiltaket.

4. Hordaland fylkeskommune viser til søknad om pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk, og meiner nye tiltak i Hardanger og Sunnhordland må vurderast regionalt i samband med etablering heilskapleg forvaltning for regulering av miljøeffektar og arealtilpasning.
5. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om etablering av genbank i Hardanger for lakse- og auestammar heimehøyrande i området.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Vedlegg:

- Høyringsbrev – høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden.
- Søknad frå Hordaland fylkeskommune om utsett frist for merknader. (avslag gjeve munnleg).

1. Bakgrunn

Hardangerfjorden er eitt av dei mest oppdrettsintensive områda i Noreg. Det blir produsert laks til ein eksportverdi på ca. 2 milliardar kroner i det området, og i følge tal frå Fiskeridirektoratet er i overkant av 650 personar sysselsett direkte i havbruksnæringa i Hordaland. Oppdrettsverksemda i området har mykje å seie for sysselsetting og næringsutvikling, og verksemda gir nasjonal og lokal verdiskaping. Det er mange omsyn som skal vegast opp mot kvarandre i Hardangerfjorden; omsynet til viltlevande laksefisk, villaksnæringa og fritidsfisket, men også omsynet til verdiskaping, sysselsetting og produksjon i havbruksnæringa.

Utfordringane i Hardangerfjorden er mange, men dei er i hovudsak knytt til at villaks- og sjøaurestammene har vore svake i mange år. Årsaka til dette er samansett. Det er likevel fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er viktige årsaker til problema for viltlevande laksefisk i dette området.

Om arbeidet med Hardangerfjordforskrift og utviklinga i saka

I april 2008 bestemte Fiskeri- og kystdepartementet at situasjonen i Hardangerfjorden skulle frysast. Dette innebar at det ikkje er tillate å klarere nye lokalitetar eller utvide eksisterande lokalitetar i området, og at det ikkje skulle opnast for tildeling av nye løyve i Hardangerfjorden. Vidare kan ein heller ikkje flytte biomasse inn i området. I 2011 vart frysvedtaket delvis implementert i *forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 37a (laksetildelingsforskriften)*.

I 2009 sende departementet på høyring eit forslag til Hardangerfjordforskrift, som gjekk ut på å avgrense den ståande biomassen i sjøen i Hardangerfjorden til 50 000 tonn fisk. Vidare vart det foreslått at det ikkje var tillate å tildele nye løyve eller klarere nye lokalitetar for matfisk eller stamfisk i området. Forskriftsforslaget inneheldt to alternativ til regulering av den ståande biomassen. I det første alternativet fekk næringa høve til å komme med eit felles forslag om korleis biomassen skulle byggjast ned, dersom den oversteig 50 000 tonn fisk. Dersom dei berørte aktørane ikkje vart samde, kunne Fiskeridirektoratet ta avgjerd om nedbygging av biomassen i kvart løyve i området ut frå omsynet til

- a) kor stor del av biomassen innanfor løyvet som er utnytta i tidsrommet 1. april 2005 og 1. april 2008,
- b) ansiennitet, dvs. kva tidspunkt løyvet vart tilknytt ein lokalitet innanfor Hardangerfjorden og
- c) kva høve innehavaren av løyvet har til å flytte heile eller delar av produksjonen ut av Hardangerfjorden.

Begge forslaga møtte sterk motstand frå næringa og Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL).

Fylkesutvalet sitt vedtak i FUV-sak 281/09, møte 18.11.2009:

1. *Hordaland fylkeskommune meiner bærekraft er ein premiss for havbruksnæringa og stør tiltak som er effektive bidrag til ei stabil og langsiktig næringsutvikling i Hardangerfjorden.*
2. *Hordaland fylkeskommune meiner tiltaka i forskrifta må evaluerast og følgjast opp med forskning for å fastslå at tiltaka gjev forventa positiv miljøeffekt. Ordninga bør uansett opphøre innan 01.01.2015 om ikkje ei fagleg evaluering er gjennomført, eller at ei slik evaluering tilrår ytterlegare lenging av tiltaket.*
3. *Hordaland fylkeskommune ynskjer at staten går inn for avbøtande tiltak og bidreg med verkemiddel for oppdrettarane som vert ramma av forskrifta. Tiltaka bør drøftast med næringa. Døme kan være prioritering av råka verksemdar i saker om tildeling av løyve og lokalitetar utanfor forskriftsområdet, økonomisk kompensasjon, fleksibilitet for flytting over regiongrensar med meir.*
4. *Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere delaktig i gjennomføringa av forskrifta. Det gjeld generelt i saker som omhandlar akvakulturforvaltning og spesielt i saker som omhandlar Hardangerregionen.*
5. *Hordaland fylkeskommune ynskjer meir føreseielege nasjonale rammeføresetnader for næringa*

slik at endringar av denne art kan varslast i samband med konsesjonstildeling.

6. *Konsekvensane av forskrifta om redusert maksimalt tillaten biomasse (MTB), kan også ha verknad for næringsverksemd (slakteri) som er etablert med basis i lokal produksjon. Hordaland fylkeskommune ber om at dette også vert vurdert i samband med krav om redusert MTB slik at lokale oppdrettsverksemdar som oppfyller kravet om kort transport av levande fisk vert skjerma når eventuell reduksjon av MTB skal vurderast.*

Blant anna på bakgrunn av kritikken frå høyringsinstansane, vart det sendt på høyring eit nytt utkast til Hardangerfjordforskrift vinteren 2011. Dette forslaget gjekk ut på at kvart selskap innanfor forskriftsområdet skulle kunne nytte 3 løyve fullt ut, medan den tildelte biomassen i dei resterande løyva kunne nyttast med inntil 25 %. Dette skulle sikre at den ståande biomassen i Hardangerfjorden ikkje ville overstige 50 000 tonn. Langenuen vart no omfatta av verkeområdet til forskrifta.

Også dette forskriftsforlaget møtte mykje motstand frå fleire hald.

Fylkesutvalet sitt vedtak i FUV-sak 55/11, møte 24.03.2011:

1. *Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert fastsett særskilde krav til akvakulturverksemd i Hardangerfjorden som eitt av fleire tiltak for å redusere presset på dei ville lakse- og sjøaurestammene. Oppretting av eige biomassetak i området er naudsynt sidan produksjonen i dag kan auke innanfor dei lovlege rammene.*
2. *Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok utdjupa i forslaget til forskrift. Fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert inviterte til drøfting om ei fordeling av biomasse, og at konsekvensane vert analyserte i ei konsekvensvurdering før forskrifta vert iverksett. I denne utgreiinga bør ein vurdere konsekvensane på selskapsnivå og syte for at ingen verksemdar kjem særskild urimeleg ut.*
3. *Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda, men ber samstundes om at ein vurderer å justere opp det samla biomassetaket.*
4. *Hordaland fylkeskommune som forvaltar av tildelingsforskriftene vil vere delaktig i gjennomføringa av denne forskrifta, og burde ha fått høve til å gje innspel før høyringa. Tildeling av vedtakskompetansen i forskrifta må ikkje vere i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma.*
5. *Forskrifta må innehalde kriterium for evaluering slik at effektane av tiltaka kan målast.*

I ein konsekvensanalyse frå Asplan Viak, utarbeidd på bestilling frå FHL, er det gjort greie for konsekvensane for næringa dersom høyringsforlaget frå 2011 vart innført. Mandatet for analysen var å berekne reduksjon i produksjonskapasiteten og sysselsettinga i Hardanger/Sunnhordland og på Vestlandet, etter at soneforskrifta til Mattilsynet hadde "sett seg". I rapporten er det berekna ringverknader av eitt løyve til matfiskoppdrett, talet på løyve som ikkje kan nyttast fullt ut, overslag over redusert produksjonskapasitet i Hardangerfjorden, verknadene for sysselsettinga og omfanget av redusert verdiskaping.

I følgje konsekvensvurderinga ville innføring av ei forskrift som svarar til utkastet frå 2011 få følgjande konsekvensar:

- Den årlege produksjonen i Hardangerfjorden vil blir redusert med mellom 47 000 og 65 000 tonn fisk.
- Tapet i omsetninga er rekna til 1 830 millionar kroner.
- Det vil gå tapt mellom 300-460 arbeidsplassar (både direkte og indirekte sysselsette).

Vidare er det rekna med at innføring av forskrifta og reduksjonen i produksjonen vil føre til:


- Mindre produktivitet og auka faste kostnader per produsert eining.
- Redusert produksjon eller store svingingar i produksjonen som kan føre til problem med å inngå langsiktige leveransekontraktar i marknaden.
- Slakteri og vidareforedling blir ulønnsamt på grunn av redusert tilgang på råstoff.

- Redusert inntening i bedriftene fører til mindre økonomisk handlingsrom for målretta produktutvikling, produksjonsutvikling og kompetansebygging.
- Økonomisk evne til å motarbeide sjukdom, rømming og miljømessige utfordringar vil minke på sikt.
- Redusert anleggsverdi og redusert selskapsverdi.

2. Nærare om forskriftsforslaget

Formålet med og verkeområdet til forskriftsforslaget

Forskrifta skal sikre ei berekraftig utvikling av oppdrettsverksemda i Hardangerfjorden, der ein særleg skal ta omsyn til forhold knytt til fiskehelse for oppdrettsfisken og ville bestandar av laksefisk, jf. § 1 i forskriftsutkastet. Styresmaktene har i lengre tid arbeidd med å få på plass ei regulering som medverkar til at ville bestandar og oppdretta laksefisk kan leve side om side i Hardangerfjorden. I dag er særleg smittepresset av lakselus på ville stammar av laksefisk høgt. Dette kjem mellom anna av at den ståande biomassen i området er høg. Det er derfor naudsynt å få på plass ei løysing der omsynet til både vill fisk og oppdrettsnæringa er teke vare på. Forslaget til Hardangerfjordforskrift regulerer løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden, og omfattar alle løyve for produksjon i sjø. Forskrifta omfattar den ståande biomassen i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Det geografiske verkeområde er vist i figuren under.



Etablering og utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden

Det går fram av § 5 i forslaget at det ikkje er tillate å gi løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vere tillate å gi melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til eller innanfor verkeområdet. Dette inneber inga endring av dagens tilstand. Instruksen frå april 2008 vil bli avløyst av denne føresegna. Formålet med føresegna er å stanse ytterlegare oppbygging av produksjonskapasitet innanfor verkeområdet til forskrifta. Saman med forslaget i § 6 om reduksjon av taket på biomasse i Hardangerfjorden, vil dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg, Mattilsynet si soneforskrift for Hordaland og Mattilsynet sine avlusingskampanjar i sum hjelpe til at lusepresset på ville bestandar av laksefisk kan minke.

Tak for ståande biomasse på 50 000 tonn og innretting av næringa ved overskriding av taket
I § 6 første ledd foreslår departementet at den ståande biomassen i konvensjonelle produksjonsløyser (dvs "vanlege" oppdrettsmerder) i Hardanger ikkje skal overstige 50 000 tonn. Grensa på 50 000 ståande biomasse er sett for å redusere talet på fisk i sjøen i konvensjonelle produksjonsløyser. Departementet meiner at ei regulering av den ståande biomassen i området, saman med fleire andre tiltak som er sette i verk i området, kan medverke til å redusere lakseluspresset på ville laksestammar.

Andre ledd i forslaget gir reglar om kva som skjer dersom den ståande biomassen overstig grensa på 50 000 tonn. Dersom biomassen i Hardanger i konvensjonelle produksjonsløyser går over 50 000 tonn i to månader etter kvarandre, skal kvart løyve innanfor verkeområdet til forskrifta reduserast med tilsvarande del som overskridinga utgjer. Dette betyr at dersom den ståande biomassen er 55 000 tonn (ved nyttår var den ståande biomassen 56 000 tonn), som er ei overskriding på 10 prosent, skal alle løyve som blir nytta i Hardangerfjorden reduserast med 10 prosent. (Dette gjeld likevel ikkje for dei løyva som blir drivne under særlege vilkår, jf. forslaget § 7). Alle løyve som blir nytta innanfor verkeområdet til forskrifta skal reduserast i same grad, og det er ikkje naudsynt at overskridinga har vore *samanhengande* i to månader. Det er tilstrekkeleg at summen av den ståande biomassen overstig grensa på 50 000 tonn i to etterfølgjande rapporteringar.

Som det går fram av *tredje ledd*, skal reduksjonen av løyva tre i kraft seks månader etter at vilkåra i første og andre ledd er oppfylt. Seinast tre månader før reduksjonen tek til å gjelde, skal fylkeskommunen orientere alle selskapa som eig løyve i området, og som blir påverka av innskrenkinga i MTB-en i løyva, jf. *fjerde ledd*. Dette betyr at oppdrettarane i området får 6 månader til å tilpasse produksjonen sin til den nye MTB-grensa i løyva sine, og dersom dei har meir biomasse enn tillete må dei:

- a) Redusere den konvensjonelle produksjonen og i staden utnytte den reduserte delen av løyvet i tråd med § 7, *eller*
- b) Flytte heile eller delar av produksjonen sin ut av verkeområdet til forskrifta, og ev. slakte ut fisk, *eller*
- c) Redusere produksjonen og ev. slakte ut fisk, utan å nytte høva under a) eller b).

Dersom grensa på 50 000 tonn biomasse igjen blir overskriden, kan det vere to hovudgrunnar til dette som åleine eller i kombinasjon kan gi eit slik resultat:

- a) Ein eller fleire oppdrettarar har overskride MTB-grensa si.
- b) Oppdrettarane har blitt flinkare til å utnytte løyva sine, slik at dei trass i den første reduksjonen klarer å ha ståande ein biomase som er større enn 50 000 tonn.

Dersom ein eller fleire oppdrettarar har overskride sin MTB-grense, vil dette kunne bli møtt med straff og andre reaksjonar etter akvakulturloven. Dersom oppdrettarane har blitt flinkare til å utnytte løyva sine, vil styresmaktene igjen redusere løyva, i samsvar med § 6.

Utnytting av løyve på særlege vilkår

I forslaget til § 7 går det fram at dersom det skjer ein reduksjon i løyva etter regelen i med § 6, kan oppdrettar utnytte den reduserte delen innanfor Hardangerfjorden, men på særlege vilkår. Vilkåret er knytt til utslepp av lakselus, som på kort sikt er den viktigaste påverknaden å få kontroll med av omsyn til villaks og sjøaure. Vilkåret vil gå fram av § 7 første ledd og vil svare til kriteriet for lakselus ved tildeling av nytt løyve til oppdrett av laksefisk, når *forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2013 blir vedteken*. Fiskeri- og kystdepartementet vil gi ei nærare omtale av kriteria når forskrifta om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure blir sendt på alminneleg høyring.

Felles biomassetak i Hardangerfjorden

I § 8 er det presisert at summen av alle løyva som er tildelt for same art og type, og som tilhører same eigar, utgjer eit eige biomassetak innafor Fiskeridirektoratets region Vest. I Hardangerfjorden og Langenuen er produksjonskapasiteten 87 158 tonn fisk. Dette utgjer summen av alle løyva som er tildelte til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeare, og løyve til særlege formål. Summen av alle løyva som eit føretak eig, vil utgjere biomassetaket til føretaket. Dersom fleire selskap er kontrollert av eit selskap – eit konsern, vil summen av alle løyva til alle selskapa utgjere eit biomassetak for det kontrollerande selskapet (konsernet).

Tilsyn, vedtak og rapportering

Fiskeridirektoratet er tilsynsmyndigheit, og det er fylkeskommunane i området som gjer vedtak etter §§ 5-8 i forskriftsforslaget. Mattilsynet skal likevel godkjenne eventuelle løysingar etter § 7.

Reaksjonar ved brot på regelverket

Det er opna for at det kan gjerast vedtak om reaksjonar eller sanksjonar i tråd med akvakulturloven eller matloven, sjå forslaget § 10. Dette inneber at brot på føresegn i forskriftsforslaget for eksempel kan føre til pålegg, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) eller straff.

Ikrafttreding

Departementet tek sikte på at forskrifta skal ta til å gjelde 1. januar 2014. Det gir havbruksnæringa tid til å omgå seg. I tillegg er det slik at ein reduksjon i biomassen ikkje kan skje før minimum 8 månader etter at forskrifta tek til å gjelde. Til saman får næringa då 12-18 månader på å tilpasse seg nytt regime.

Erstatning

Reduksjon av MTB kan føre til at nokre verksemdar blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Dette vil ikkje gi grunnlag for erstatningsplikt for staten. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår, og staten vil heller ikkje erstatte utgifter som følgje av vedtak om reduksjon av MTB på selskaps- eller konsernnivå.

3. Vurdering av konsekvensar - merknader

For ville bestandar av laksefisk

Forslaget om å setje ei grense for den ståande biomassen på 50 000 tonn for produksjon i konvensjonelle produksjonsløysingar, vil medverke til at villaks- og sjøaurebestandane i Hardangerfjorden får eit redusert lusepress, jamført med situasjonen i dag.

Fiskeri- og kystdepartementet skriv at dersom forslaget blir sett i verk, skal det etablerast genbank for dei aktuelle lakse- og sjøaurestammene i området. Det er i dag 18 sjøaurebestandar av ein viss storleik og 10 laksestammar som er sjølvreproduserande i Hardangerfjorden og områda i kring. Kostnadene for ein genbank er usikre og vil vere avhengig av kor mange lakse- og sjøaurestammar som skal leggest inn i ei slik ordning. Regjeringa vil eventuelt komme attende med eit eige forslag om dette i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om etablering av genbank for lakse- og aurestammar heimehøyrande i området. Dette anlegget må etablerast i Hardanger.

Departementet legg i høyringsnotat opp til at det er ein samanheng mellom innføring av denne forskrifta, og etablering av genbank. Fylkeskommunen er ikkje samd i dette, og meiner at dette kan sjåast på som to uavhengige saker på same måte som andre tiltak for å betre situasjonen for dei ville stammene av laks og sjøaure.

For næringa

Hordaland fylkeskommune skal som regional utviklingsaktør legge til rette for verdiskaping, busetting og sysselsetting i heile fylket innan for ramma av ei berekraftig utvikling. Å sørge for at næringa har

gode rammevilkår er ei viktig regionalpolitisk oppgåve. Samstundes har fylkeskommunen i oppgåve å leggje til rette for næringsutvikling basert på føremonene i regionen, men også ta ansvar for at miljø og biologisk mangfald vert ivareteke i eit langsiktig perspektiv.

Marin sektor og havbruk er ei viktig næring for Hordaland og Vestlandet. Det er kome fram at næringa har utfordringar i høve til påverknader på miljø og at det er særleg ville lakse- og aurestammer som vert negativt påverka ved smitte av lakselus. Dette trass i fleire tiltak for å betre tilhøva. I Hordaland er det i Hardangerfjorden desse problema har fått mest negative verknader. På bakgrunn av dei aktuelle utfordringane er det innført 3 nye forskrifter. Desse er utarbeida i lag med næringa og det vert arbeidd hardt for å tilpasse produksjonen i tråd med forskriftene. Den nye forskrifta som er på høyring er eit styrka tiltak som skal redusere verknadane på ville bestandar av laks og aure.

Dersom forskrifta vert vedteken vil det få store konsekvensar for oppdrettsnæringa og for sysselsetting i Hardangerfjordområdet. Det er ikkje mogleg å gi eit nøyaktig tal på kor mange arbeidsplassar som kan gå tapt eller kor stor nedgangen i produksjonen og verdiskapinga forslaget vil kunne få.

Ved berekninga av konsekvensane som departementet har gjort, har ein teke utgangspunkt i at det blir innført eit øvre tak på 50 000 tonn, og at alle løyva til å drive i konvensjonelle produksjonsløyvingar som er i Hardangerfjorden og Langenuen i dag, må reduserast med 11,5 % (altså 10 000 tonn i produksjonskapasiteten). Desse overslaga byggjer på at drifta i Hardangerfjorden føregår som i dag.

Analyser frå Fiskeridirektoratet, som tek omsyn til Mattilsynet si soneforskrift, viser at den ståande biomassen i Hardangerfjorden i løpet av den siste tida stadig overstig 50 000 tonn. Det er vanskeleg å vurdere eksakt kva for konsekvensar forslaget som ligg til grunn i dette høyringsbrevet vil gi for produksjonen. Dersom dagens tilstand ligg til grunn og dersom det blir innført eit tak på 50 000 tonn ståande biomasse i konvensjonelle produksjonsløyvingar, må alle som eig dei eksisterande løyva i Hardangerfjorden redusere biomassen i løyva med 11,5 prosent (totalt ca. 10 000 tonn produksjonskapasitet). Ut frå desse føresetnadene, går vi ut frå at produksjonen i konvensjonelle løyvingar vil bli redusert med ca. 10 000 tonn. Målt i eksportverdi, svarar dette til ein reduksjon i verdiskapinga på om lag 305 millionar kroner per år, dersom ein går ut frå at utnyttingsgraden i Hardangerfjorden og Langenuen er 65 prosent. Vi har her berre sett på direkte reduksjon i verdiskapinga, og ikkje ringverknadene. Ringverknadene er normalt i same storleik som den direkte verdiskapinga.

Samanhengen mellom reduksjon i produksjon og tap av arbeidsplassar er ikkje lineær. Dette vil seie at dersom produksjonen går under eit visst nivå, vil talet på arbeidsplassar gå mykje ned fordi det ikkje lenger er grunnlag for å oppretthalde drifta på slakteri eller foredlingsanlegg. Departementet legg likevel til grunn at det kan gå tapt ca. 7 sysselsette per løyve (3,5 direkte og 3,5 indirekte sysselsette). Dersom grensa på 50 000 tonn trer i kraft, og produksjonen blir redusert med ca. 10 000 tonn, samla sett kan det etter departementet sine berekningar gå tapt om lag 100 arbeidsplassar i Hardanger og Sunnhordland.

Reduksjon i produksjon og dårlege eller ingen høve til vekst i denne næringa i området som er omfatta av forskrifta, vil få konsekvensar som bortfall av arbeidsplassar og dårlegare høve til utvikling av lokale arbeidsplassar basert på lokal produsert laks. Fylkesrådmannen vil her framheve at Hardangerområdet er av dei områda i fylke som er mest ramma av fråflytting mellom anna pga av manglande arbeidsplassar. Fylkesrådmannen meiner at konsekvensane for kystkommunane i høve til arbeidsplassar på kort sikt og i høve til næringsutvikling med grunnlag i havbruksnæringa på lengre sikt er tilstrekkeleg belyst, og at det ikkje lenger er tvil om at konsekvensane er alvorlege.

Framlegget til metode for å ta ned produksjonen legg opp til at alle innehavarar må redusere løyve i same grad uavhengig av om kven som har bidreg til overskridinga. Dette er urimeleg med denne formen for kollektiv straff. Den verksemda som står for overskridinga må og stå for reduksjonen. Ein kan ikkje etablere eit system der ei verksemd som ikkje bidreg må ta del i straffa for noko som andre løyveinnehavarar er ansvarleg for.

For forvaltninga

Forslaget til Hardangerfjordforskrift vil bidra til eit meir komplisert havbruksregelverk og vil også føre til auka havbruksforvaltning i området.

Hordaland fylkeskommune krev at Fiskeri- og kystdepartementet ser dette forskrifts framlegget i samanheng med Hordaland fylkeskommune sin søknad om å bli pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk.

Sak om søknad om pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 31.01.2013. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Havbruksnæringa er ein av dei viktigaste næringane i Noreg. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner Hordaland fylkesutval at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under fylkeskommunal leiing. Hordaland vil etablere ei heilskapleg og effektiv forvaltning som sikrar ei lønsam og berekraftig havbruksnæring.*
- 2. På denne bakgrunn vil Fylkesutvalet at Hordaland fylkeskommune skal bli eit pilotfylke for heilskapleg havbruksforvaltning.*
- 3. Søknad om å bli pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk vert å sende til regjeringa ved Fiskeri- og kystdepartementet.*

Noko av bakgrunnen for denne søknaden er aukande statleg detaljstyring i form av detaljerte forskrifter som berre skal gjelde i Hordaland. Forskrifta som no er på høyring er eit døme på dette. Felles for denne og andre forskrifter er at dei er utarbeidd utan medverknad frå Hordaland fylkeskommune. Dei er soleis ikkje forankra politisk i fylket. Fylkesrådmanen meiner nye tiltak i Hardanger og Sunnhordland må vurderast regionalt i samband med etablering heilskapleg forvaltning for regulering av miljøeffektar og arealtilpasning.

Hordaland fylkeskommune har i dag oppgåvene med å klarere lokalitetar innafør verkeområdet til forskrifta. Dette arbeidet vert gjort i medhald av akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta. Ved handsaming av søknader vert sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova følgt i vurderinga av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg. I tillegg er Mattilsynet og Fylkesmannen delaktig i sakshandsaming innanfor sine ansvarsområde som mellom anna er lakselus og tilhøva for vill anadrom fisk. Innanfor gjeldane regelverk får ein soleis ei grundig vurdering i kvar einskild sak.

Forskrifta vil medføre meir arbeid for fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal gjere vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt forskrifta §§ 5,6,7 og 8, noko som må kompensast med økonomiske ressursar. Arbeidsoppgåvene vil truleg bli av forvaltningsmessige og administrativ karakter utan at det er trong for konkrete vurderingar. Dersom innslagspunktet for reduksjonen av ståande biomasse slår inn vil fylkeskommunen få i oppgåve å orientere løyveinnehavarane om dette, og får vidare i oppgåve å fatte dei naudsynte vedtaka om reduksjon av 100 løyve. Auken i byrder som følgje av forskriftsendringane som er foreslått vil ha budsjettmessige konsekvensar, og dette må dekkast med ny tildeling av midlar til fylkeskommunen.

Ståande biomasse i anlegga vert månadleg rapportert til Fiskeridirektoratet. Det er nærliggjande å tru at det er frå dei informasjonen om nivået på den samla ståande biomassen vil kome til fylkeskommunen. Det er soleis påkravd med likeverdige samarbeid mellom fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet. Den samla næringa som er råka har og trong for fortløpande informasjon om utviklinga av den ståande biomassen slik at dei har mulegheit til å innrette seg i høve til kva retning utviklinga går.

Denne høyringa inneheld ein ny metode for å redusere produksjonen. Den er ulik dei metodane som har vorte presentert i tidlegare framlegg til eige forskrift for Hardanger. Fylkeskommunen kjenner ikkje til kva vurderingar som er gjort for å kome fram til denne metoden. Det kan vidare påpeikast at metoden inneheld mange variablar, og kan i lag med eit allereie omfattande havbruksregelverk medføre auka mengd mulege tilpasningar til regelverket. Dette er uheldig, og vil kunne påføre både næringa og forvaltninga meir arbeid.

Effekten av dette tiltaket (frys av produksjonen til 50000 tonn ståande biomasse) må sjåast i samanheng med andre tiltak for å styrke dei ville laksefiskane. Dette er eit av fleire tiltak for å redusere lusepresset. Fylkesrådmannen saknar ei vurdering av forventa effekt av tiltaket på bestandssituasjonen for laks- og sjøaure. Effekten av tiltaket må vurderast opp kostnadane med tiltaket for verdiskapning og sysselsetting. Forskrifta inneheld ikkje kriterium for evaluering slik at effekten av tiltaket kan målast. Det er heller ikkje sagt noko om varigheita av tiltaket.